



Eiendomsforvaltning Sør As
Østerveien 22
4631 KRISTIANSAND S

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/7870 - 23/82712

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
26.10.2023

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 322/281 Mjåtveit

Tiltak: Søknad om oppretting av 3 nye grunneigedomar
Byggjestad: Gbnr 322/281
Tiltakshavar: Lagerseksjoner AS
Ansvarleg søkjar: Eiendomsforvaltning Sør AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.10.2023.

Me har starta handsaming av søknaden men finn at den ikkje er fullstendig. Me ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er søkt om arealoverføring i følgje motteken «*søknad om tiltak uten ansvarsrett*» Dette må vere feil. Går ut frå at søknaden gjeld oppretting av nye matrikkeleiningar som grunneigedomar. Ber om stadfesting på om dette er rett oppfatta.
2. Det er brukt feil skjema for rekvisisjon av oppmålingsforretning. Skjemaet «*Krav om matrikulering, herunder rekvisisjon av oppmålingsforretning*» må brukast. Eventuelt kan ein bruke kommune sitt eige skjema. Vedlagt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 16.11.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Eiendomsforvaltning Sør As

Østerveien 22

4631

KRISTIANSAND S